

Saksbehandlar: Lars Grøteide
 Avdeling: Kulturavdelinga

Sak nr.: 11/1720-1

Kulturutviklingsmidlar 2010 – fordeling

Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Det vert løyvd kulturutviklingsmidlar til følgjande tiltak i 2011:

Søkjjar:	Tiltak:	Tilråding
Sogn og Fjordane Ungdomslag	Huset i bygda	100 000
Naustdal kommune	Slettemark Art	80 000
Sandsund/Lie	Sandsund/Lie	70 000
May Elin Eikaas Bjerck	Under breen	50 000
Siri Benjaminsen	Huldreduken	50 000
Selje kommune	Kystpilgrim	65 000
Jølster Jazzklubb	Jazz på Jølst	40 000
Naustdal kommune	Slettemark Rose	30 000
Kaija Nordang	Sprell teaterskule	20 000
Sum		505 000

2. I samsvar med FT-vedtak 66/10 budsjett 2011 vert det løyvd følgjande:

- Kr. 300 000,- til ruinprosjektet, Selja Kloster
- Kr. 500 000,- til Norsk Kvernsteinscenter
- Kr 1 010 000,- i driftstilskot til Tusenårsstaden Gulatinget

Desse tilskota vert dekkja over programområde 5007 Museum/Kulturminnevern

3. Det vert ikkje løyvd kulturutviklingsmidlar til:

Søkjjar:	Tiltak:
Hyllestad kommune	Undring
Førde Volleyballklubb	Utviklingskonsulent
Dag Henning Reksnes	I kjølevatnet etter Gange-Rolv
Kinn Kyrkjelege Fellestråd	Sunnivaleia
Anna Marie Malkenæs	Annalåven

Prenta vedlegg:

1. Søkjjaroversyn, inkl. dei for seint innkomne.
2. Retningsliner for kulturutviklingsmidlar.

Uprenta vedlegg:

1. Søknadane

Saksframstilling

1. SAMANDRAG

Sogn og Fjordane fylkeskommune har sidan 1999 hatt såkalla utviklingsmidlar til djerve kultursatsingar i Sogn og Fjordane. For 2011 er det sett av kr 2.5 mill til tilskotsordninga kulturutviklingsmidlar i budsjettet, avsett på teneste 5002 utviklingstiltak. Av desse er kr. 1 820 000,- mill bundne opp gjennom tidlegare vedtak. I tillegg vert det gjort framlegg om at det vert sett av kr 100.000,- til fartøyvern. Det står då att kr. 580 000,- til fordeling. Fylkesdirektøren rår til at det vert halde att kr 75 000 til handsaming seinare, evt klagesaker.

Administrasjonen på kulturavdelinga har hatt ein gjennomgang med plan- og samfunnsavdelinga og næringsavdelinga på søknader som bør vurderast i høve til andre tilskotsordningar under fylkeskommunen. Med bakgrunn i dette er det 14 søknadar som er vurderte under denne tilskotsordninga, med samla søknadsbeløp på 3,7 mill. kroner. Samla budsjettal for søknadane ligg på kr 27,1 mill. kroner. Ein søknad er komen inn etter fristen. Denne er ikkje handsama.

2. BAKGRUNN

Kulturutviklingsmidlane er kultursektoren sine frie midlar til å bidra i å gjennomføre vedtekne fylkesplanprogram, og skal gje organisasjonen økonomiske musklar til å vere ein proaktiv aktør i å oppnå måla sett i kulturstrategien. Utviklingsmidlane skal gå til søkjarar som gjennom prosjekt og satsingar ønskjer å bidra til nyskaping og utvikling og til å fremje og utvikle spennande og dristige kultursatsingar. Midlane må vere ein del av ei felles satsing der andre finansieringskjelder vert nytta. Bidrag frå fylkeskommune sine kulturutviklingsmidlar skal i hovudsak ikkje overstige 1/3 av samla finansiering. I retningslinene er det også sagt at det er eit mål å konsentrere innsatsen om færre tiltak, og at om lag halvparten av midlane skal nyttast til å etablere nye tiltak og utvikle desse.

I retningslinene for kulturutviklingsmidlane heiter det m.a. at målet med midlane er at fylkeskommunen saman med lokale, andre regionale, statlege og private aktørar elles, skal vere med å realisere nyskapande og dristige kultursatsingar i Sogn og Fjordane. Det er sett krav om at tiltaka må halde høgt kvalitativt nivå.

Alle søknader skal innehalde opplysningar om

- Kven som er ansvarleg for planlegging, økonomi og gjennomføring av tiltaket
- Prosjektomtale, med bakgrunn for og føremål med tiltaket
- Framdriftsplan, med forventa start- og avslutningstidspunkt
- Kommunal/lokal medfinansiering
- Budsjett og finansieringsplan

Generelt vert det knytt slike vilkår til utbetaling av kulturutviklingsmidlane:

- Rapport for bruken av midlane må vere innsendt før utbetaling. Siste frist for innsending av rapport er 1. november i tildelingsåret
- Ved tilskot på Kr. 100 000.- eller meir skal det som hovudregel leverast revidert rekneskapsrapport
- Tiltaket må vere fullfinansiert. Søknaden må innehalde detaljert finansieringsplan der faktorar som storleik på eigenkapital, tilskot frå lokale, regionale og nasjonale bidragsytarar m. m. er synleggjort

- Søknadsansvarleg vert oppmoda om å opplyse i skriv, annonser m. m. at fylkeskommunen støttar tiltaket. Det er vidare sett vilkår om at arrangørar som mottok økonomisk støtte aksepterer følgjekortordninga
- Midlane skal nyttast slik at mottakar sit at med høgare kompetanse og profesjonalitet innan det område tiltaket omfattar.

Vilkår ut over dette er spesifisert i samband med omtale av den einskilde søknad og i tilsagnsbrev.

3. VURDERING OG KONSEKVENSA

Det er komne inn ein del færre søknader i 2011 enn i 2010. Det er vanskeleg på bakgrunn av eitt år å definere om det er tilfeldigheit eller ein tendens som er årsak til denne nedgangen. Innkomne søknadar viser stor variasjon i innhald, omfang og geografisk plassering. Nokre har høg grad av nyskaping og kunstutvikling i seg, medan andre legg vekt på historiske, pedagogiske og andre formidlingsformer i sine uttrykk. Mange søknadar ber i seg eit regionalt aspekt, nokre ber i seg både nasjonalt og internasjonalt potensiale, medan andre har eit meir lokalt fokus. Det er mange nye søkjarar, men ein finn og att søkjarar frå tidlegare år. Samla viser omfanget og innhaldet eit omfattande samfunnsbidrag i vår region, og ein ser at utviklingstiltak innan kultur er ein sterk bidragsytar til lokal samfunnsutvikling.

Fleire av tiltaka det vert søkt midlar til kan sjåast på som næringsutvikling, eller ligg i grensa mellom kulturutvikling og samfunns- og næringsutvikling.. Det er på administrativt nivå ført drøftingar med andre avdelingar i dei høve der søknadar bør handsamast der. To av søknadane, innkomne til kulturavdelinga er vurdert av fylkesdirektør for kultur, og vert handsama vidare av fylkesdirektør for plan og samfunn og fylkesdirektør for næring, og vert politisk handsama i hovudutval for plan og næring..

Ti av dei 14 søknadane som vert handsama under utviklingsmidlar budsjetterer med kommunale tilskot, men då ofte i eit betydeleg mindre omfang enn kva ein søker fylkeskommunen om. Det er difor viktig å presisere at kommunane - i likskap med fylkeskommunane og staten - har ansvar for å fremje og legge til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd. Dette ansvaret er forankra i Kulturlova, som skal sikre at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk. Det må og seiast at nokre av dei søknadane som ikkje budsjetterer med eit kommunalt tilskot ber i seg eit så stort regionalt fokus at det ikkje er å forventa kommunale tilskot.

Når fylkesdirektøren har vurdert søknadane har ein lagt vekt på utviklingsfokuset i søknadane, knytt opp mot Kulturstrategien. Nokre søknadar, som kan seiast å ha eit anna hovudfokus, er likevel vurdert som kvalitativt så gode at ein ser eit samfunnsutviklingspotensiale i tiltaket, og har i framlegg til vedtak foreslått å stetta søknaden.

Utviklingsmidlane for 2011 er i stor grad bundne opp til føringar gjort gjennom vedtak i 2009 og 2010. Handlefridom gjennom året til nye utviklingstiltak i 2011 er på kr. 680 000,-, og er difor svært avgrensa i høve til tidlegare år. Dette gjeld i noko mindre grad for 2012.

To av søknadane søker om tilskot over tre år. Dette gjeld Sandsund/Lie og Huldeduken. Fylkesdirektøren tilrår at ein i denne saka ikkje løyver for meir enn eitt år i gongen

3.1 Tidlegare vedtak/bindingar:

Hovudutvalet har tidlegare gitt tilskot til ein del tiltak som gav løyving i 2010 og som forventar løyving i 2011, 2012 og 2013. Saman med øyremerka løyving frå Fylkestinget, ser denne lista slik ut:

Søklar	Tiltak	2011	2012	2013
Norsk Kvernsteinsenter	Etablering av driftsorganisasjon (HK-sak 52/09)	500 000	500 000	
Nærøyfjorden	Kulturminne i verdsarvområde	200 000		
Fylkeskommunen	Stipendordning for kunstnarar	200 000	200 000	200 000
Jakob Sande-selskapet	Utvikling av Klokkargarden i Dale	120 000		
Bassengnemda i Bulandet	basseng	200 000		
Aurland kommune	Nynorske litteraturdagar (FT-vedtak 66/10)	100 000		
Styringsgruppa for tusenårsstaden	Thing – EU-prosjekt	100 000	100 000	
Vestnorsk filmsenter	Filmsamarbeid på Vestlandet/i S&Fj	300 000		
Fylkeskommunen	Coast Alive, prosjektarbeid	100 000	100 000	
Fylkeskommunen	Fartøyvern	100 000		
	Til disposisjon til nye tiltak i 2011	580 000		
	SUM	2 500 000		

Jamfør FT-vedtak 66/10 er det også gjeve løyvingar til fylgjande tiltak:

- Norsk Kvernsteinsenter som i tråd med FK-vedtak 75/09 er tildelt kr 500 000 årleg i perioden 2010-2012. Samla årleg løyving i perioden er såleis kr 1 mill.
- Ruinprosjektet på Selja Kloster som vert tildelt kr 300 000,- i tråd med tidlegare vedtak om forventa løyving i 2011.(FT-vedtak 75/09)
- Driftstilskot til Tusenårsstaden Gulatinget på kr 1 010 000,-

3.2 Søknadar som det vert tilrådd å løyve midlar til:

Søklar:	Naustdal Kommune	Tiltak:	Budeie med KjARTanrose - byggesteg 2		
Innhald:	Fullføringa av kunstverk i Naustdal. Statua er ført opp i byggesteg 1. Byggesteg 2 er at statua skal stå i ei eng av kjartanrosar og med steingard rundt. Kunstverket er plassert permanent på Sanden i Naustdal, eit statleg sikra friluftsområde og tusenårsstaden i kommunen.				
Vurdering:	Kunstverket vert nytta som omdømebyggjar og i profileringa av kommunen. Kunstverket er tenkt som eit regionalt symbol for nyskaping der bakteppet er den pågåande diskusjonen om utviklinga i fylket. Målet er å inspirere og stimulere innbyggjarane til nytenking og nyskaping. I tilknytning til monumentet vert det også utvikla eit samtidskunstbiennale (SlettemarkART) med hovudfokus mot barn og unge, og det ligg føre eigen søknad til dette.				
Budsjett:	Kr. 626 000-	Søknadssum:	Kr. 50 000 .-	Tilråding:	Kr. 30 000

Søkjær:	Naustdal Kommune	Tiltak:	SlettemarkART		
Innhald:	Naustdal kommune planlegg å arrangere kunstfestivalen SlettemarkART i juni 2011. I samband med arbeidet med ein overordna kulturplan der satsinga på samtidskunst står sentralt, vel kommunen å fokusere på ei lokal målgruppe og tiltak for involvering i utviklingsarbeidet, dette for å sikre eigarskap til satsinga blant innbyggjarane. Festivalen vil også romme eit lukka seminar der inviterte fagpersonar skal drøfte konseptet for festivalen og planane for eit Slettemarksenter i tusenårstaden.				
Vurdering:	Dette er andre året festivalen vert arrangert og festivalen er under oppbygging og utvikling. Fylkesdirektøren vurderer satsinga som spennande og meiner det er viktig å stø opp under utviklinga av denne festivalen. Det er særleg interessant å sjå korleis festivalen er kopla opp mot ein overordna kulturplan, noko som set festivalen i ein større heilskap og som gjev kommunen si kultursatsing ein raud tråd				
Budsjett:	Kr. 650 000	Søknadssum:	Kr. 125 000	Tilråding:	Kr: 80 000,-

Søkjær:	Kaja Nordang	Tiltak:	Sprell, teaterskule for unge		
Innhald:	Sprell er ein privat driven teaterskule. Aktiviteten er sommarbasert og strekkjer seg over ei veke. Målgruppa er barn og unge i alderen 9-14 i Sunnfjord-regionen. Målet er å gje deltakarane ein smakebit og ein kveik på teater og drama. Maks tal på deltakarar vil vere tjue. Kurset er tenkt gjennomført i lokala til SoFT og skal avlsuttast med ei visning. Målet er at denne sommarskulen skal verte eit permanent tilbod i Sogn og Fjordane				
Vurdering:	Tiltaket vart for første gong gjennomført i 2010 i samarbeid med Kulturskulen i Gaular. Det er no ynskje om å ha kurset i Førde for å kunne nå betre ut i regionen. Røynslene frå 2010 var gode og prosjektet fekk positive tilbakemeldingar frå både foreldre og deltakarar. Fylkesdirektøren meiner dette er eit godt og spennande initiativ og eit supplement som er med på å fylle ut kulturtilbodet til barn og unge gjennom heile året. Søkjær bør vurdere å etablere eit fastare samarbeid med andre aktørar innan teater, også med tanke på å løyse finaniseringsutfordringar.				
Budsjett:	Kr. 60 000	Søknadssum:	Kr. 20 000 .-	Tilråding:	20 000,-

Søkjær:	Siri Benjaminsen	Tiltak:	Nytt perspektiv på Huldreduken		
Innhald:	Prosjektet omfattar dokumentasjon, forskning, informasjon, formidling og oppleving av tekstilklenodiet Huldreduken gjennom rekonstruksjon. Huldreduken er eit sjeldant og større tekstilt kulturminne, datert til første halvdel av 1400-talet. Målet med prosjektet er i hovudsak å 1. skjerme, avlaste og ta vare på den originale Huldreduken 2. Bidra til ny kunnskap, informasjon og forskning 3. Nytte det tekstile kulturminnet som grunnlag for ny formidling, oppleving, og verdiskaping og 4. Knyte og nytte ny kunnskap til andre tekstile kulturminne				
Vurdering:	Prosjektet er i samarbeid og i god forankring med fleire relevante institusjonar og organsiasjonar. Det er mellom anna lagt opp til medfinanisering frå Årdal kommune og frå stat. Heibergske er involvert i prosjektet som samarbeidspartnar og bidreg med naudsynt infrastruktur og fagleg samarbeid. Tekstile og immaterielle kulturminne har i mindre grad vore nytta i kulturminneutvikling og Fylkesdirektøren vurderer difor tiltaket til å vere eit nyskapande kulturutviklingstiltak på kulturminnefeltet.				
Budsjett:	Kr 2 234 500	Søknadssum:	Kr 750 000 over tre år	Tilråding:	Kr 50 000

Søkjar	Selje kommune	Tiltak	Kystpilgrim, forprosjekt		
Innhald	Det vert søkt midlar til eit forprosjekt for å løfte fram pilgrimsleia langs vestlandskysten og aktuelle pilgrimsmål. Mål for forprosjektet er i hovudsak å stake ut plattformen for ein organisasjon, utarbeide aktuelle samarbeidsprosjekt på kysten, kartleggje kulturminne, etablere nettverk nasjonalt og internasjonalt og forankre satsinga i næringslivet. Gjennom forprosjektet ynskjer ein å få til ei koordinert kystsatsing mellom dei fire vestlandsfylka og dei tre bispedøma som er involverte. Det er lagt opp til medfinansiering frå alle desse aktørane.				
Vurdering	Historia knytt til kystpilgrimsleia og til Selje spesielt, er sentral i norsk religionshistorie og potensialet for utvikling kring ei slik lei er stort. Fylkeskommunen har difor gjennom fleire år støtta opp om tiltak som er med på å løfte fram historia og som kan bidra til aktivitet. Fylkesdirektøren meiner likevel det er behov for å få til ei større, meir systematisk og meir koordinert satsing skal ein klare å utnytte potensialet som ligg i kystpilgrimsleia. I den samanheng vil dette forprosjektet vere eit viktig steg og fylkesdirektøren rår difor til at ein støttar tiltaket. Ein rår vidare til at tilskotet føreset at også dei andre fylkeskommunane deltek med finansiering.				
Budsjett	Kr 535 000	Søknadssum:	Kr 75 000	Tilråding:	65 000

Søkjar:	Sandsund/Lie	Tiltak:	Sandsund/Lie ANS		
Innhald:	Torkil Sandsund og Miriam Prestøy Lie etablerte i 2010 ei profesjonell produksjonseining for teater i Dale i Fjaler. Dette året fekk dei også støtte av utviklingsmidlane til produksjon av ei førestilling. I 2011 søker dei om 3 årig støtte til frie produksjonsmidlar, dette for å sikre eit økonomisk handlerom i etableringsfasen. Midlane skal brukast til utvikling og realisering av kunstneriske prosjekt, nettverksbygging i fagmiljøa og integrering av ny teknologi i produksjonane.				
Vurdering:	Tiltaket Sandsund/Lie ANS er nyetablert og er under utvikling. Fylkesdirektøren ser det som positivt å kunne bidra til etablering av nye tiltak som både trekkjer til seg kulturfagleg kompetanse gjennom arbeidsplassar og som gjev innbyggjarane gode kulturopplevingar. Det er svært positivt at det blir etablert nye foretak med kultur som produkt i fylket vårt. Satsinga på slike foretak er i tråd med målsettingane til kulturstrategien og til utviklingsmidlane.				
Budsjett:	Kr: 12 015 000,-	Søknadssum:	Kr. 600 000,- over 3 år	Tilråding:	Kr. 70 000

Søkjar:	Jølster Jazzklubb	Tiltak:	Jølster Jazzklubb/Jazz på Jølst		
Innhald:	Jølster Jazzklubb blei skipa i 2010 og klubben arrangerte den første jazzfestivalen på Jølster same året. Det var ikkje søkt om kulturutviklingsmidlar til tiltaket i 2010. Målsettinga for klubben er å spreie interessa for Jazz, gje unge jazzmusikarar i området ei scene og skape ein sosial møteplass. Det er vert søkt om midlar til å byggje opp festivalen, men også å arrangere konsertar elles i året.				
Vurdering	Jølster Jazzklubb og Jazz på Jølst er eit nytt tilskot til kulturlivet i fylket. Det er få jazzscener i fylket vårt og tiltaket er såleis eit viktig bidrag til kultur mangfaldet. Det er også positivt at søkjar i tillegg til lokal forankring også legg vekt på eit regionalt nedslagsfelt for tiltaket.				
Budsjett:	Kr 350 000,-	Søknadssum:	Kr 60 000,-	Tilråding:	Kr 40 000

Søkjar:	May Elin Eikaas Bjerck	Tiltak:	Under breen		
Innhald:	Under breen er eit kunstprosjekt tilknytt Jostedalsbreen Nasjonalpark, lokalisert i				

	området Lunde/Kjøsnes i Jølster. Prosjektet er ei offentleg- rom tilnærming. Målet er å kople ei samanhengande oppleving til bre-kontakten, frå bok og museum i Fjærland til utviklinga av eit nytt kulturlandskap på Lunde/Jølstersida. Gjennom eit slikt kunstprosjekt vil søkjar prosjektere rom for samvær, oppleving og rekreasjon. Prosjektet går inn i ei større kunstfagleg målsetting om å utvikle fagområdet på offentlege rom				
Vurdering	Fylkesdirektøren vurderer tiltaket til å vere ei spennande og nyskapande kunstsatsing. Prosjektet involverer fleire aktørar innan kunst, arkitektur og landskap. Tiltaket har ei klar regional interesse kunstfagleg sett, men også med tanke på lokalisering. Prosjektet skal gjennomførast i eit rom og ved eit vegstrekke som har stor signaleffekt og på mange måtar er eit identitetsmerke for fylket. Dette området betyr såleis mykje for både folk i Sogn og Fjordane, turistar og andre gjennomreisande.				
Budsjett:	Kr 940 000,-	Søknadssum:	Kr 150 000	Tilråding:	Kr 50 000,-

Søkjar:	Sogn og Fjordane Ungdomslag	Tiltak:	Huset i bygda		
Innhald	Prosjektet "Huset i Bygda" starta i 2010 som eit resultat av eit forprosjekt som vart gjennomført av Sogn og Fjordane Ungdomslag i 2009. Gjennom eit treårig prosjekt ynskjer søkjar å løfte fram og styrkje dei organisasjonseigde kulturbygga i fylket. Dette omfattar då alle former for forsamlingshus. Prosjektet inneheld ulike tiltak m.a. eit dokumentasjonsarbeid der målet er å få oversikt over alle lokala, beskrive desse og skape ein oversikt og planar og tankar om framtidig drift. Prosjektet vil og skape kurs for eigarar av husa, konferansar, bygdemøter, og synleggjering av husa gjennom informasjonsarbeid. Søkjar ber om treårig støtte til tiltaket.				
Vurdering	Å få ein oversikt over eksisterande kulturbygg vil vera eit viktig bidrag i vår utfordring med å skape fungerande arenaer for produksjon og formidling av kunst og kultur. Kor mange slike arenaer finnes, kva tilstand er desse i, kva tankar har eigar om framtida og er det råd og ynskje om å tilpassa bygga til gode kulturarenaer etter dei kvalitetar og standardar som er mogeleg i dag? Prosjektet er særst spanande på det viset at dei ynskjer å ta med seg ein viktig del av vår kulturhistorie inn i framtida. Dei har fokus på fortid, notid og framtid. Dei siste hundre åra har ein rekke samfunnshus kome til. Dei har vore og er ein viktig arena for sosialt samvær og ulike kulturopplevingar, spørsmålet vert om tida har runne frå mange av dei eldste lokala. Bruksmønsteret og teknologien i dag, gjer at behovet for rom- og tekniske løysingar er annleis enn før. Prosjektet fekk støtte i 2010 og fylkesdirektøren rår til å støtte prosjektet også andre året av prosjektperioden				
Budsjett:	Kr 3 166 000,- over 3 år	Søknadssum.:	Kr 150 000 årleg	Tilråding:	Kr 100 000,-

3.3 Søknadar som det ikkje vert tilrådd å løyve midlar til:

Søkjar:	Kinn kyrkjelege fellestråd	Tiltak:	Sunnivaleia		
Innhald:	Vidareføre arbeidet med å etablere ei nasjonal pilgrimslei frå Kinn til Selja, basert på dei historiske og religiøse hendingane knytt til stadane og vegen mellom desse.				
Vurdering:	Dei siste åra har ein etablert nasjonale pilgrimsleier og sentra. Fokuset på desse har vore stor og potensialet for både kulturutvikling og reiselivsaktivitet kring desse er stor. Prosjektet fekk i 2010 støtte av utviklingsmidlane til forprosjektet og søker i år om midlar til gjennomføring av hovudprosjektet, i hovudsak til merking av sti.				

	Fylkesdirektøren ser positivt på at ein er i mål med planleggingsfasen og no kjem i gong med gjennomføringa av planane, men meiner at dette er kostnader som først og fremst kvalifiserer for andre støtteordningar som spelemidlar og Gjensidigestiftinga				
Budsjett:	Kr. 1 000 000.-	Søknadssum:	Kr. 200 000 .-	Tilråding:	Kr. 0,-

Søkjær:	Hyllestad skule	Tiltak:	Undring – kvernsteinhistoria formidla gjennom dramatisering		
Innhald:	Tiltaket har som mål å setje endå større fokus på formidling av kvernsteinshistoria til i første omgang elevar grunnskulen, men også eit breiare publikum. Tiltaket vert sett i lys av behovet for formidling er eit viktig ledd i arbeidet med å komme inn på UNESCO si verdsarvliste. Det er skuleborn i 8 og 9 klasse som skal vere aktørar				
Vurdering:	Prosjektet er forankra i læreplanar og kompetansemål for Kvernsteinsparken. Fylkesdirektøren ser dette som ein del av satsinga på kvernsteinshistoria i Hyllestad der fylkeskommunen løyver til saman kr 1 mill dette året. Det vert difor ikkje rådd til å gje særskild støtte til dette tiltaket.				
Budsjett:	Kr. 480 000-	Søknadssum:	Kr. 50 000.-	Tilråding:	Kr. 0,-

Søkjær:	Dag Henning Reksnes	Tiltak:	I kjølevatnet etter Gange-Rolv		
Innhald:	I 2011 feirer Normandie 1100 års jubileum for Gange-Rolv, den første hertugen av Normandie. Det er grunn til å tru at Gange-Rolv opphavelig kom frå Sunnmøre. I samband med jubileet ynskjer Reksnes gard i samarbeid med stiftinga Embla å 1. marknadsføre Eid/Sogn og Fjordane og markere det vestlandske "eigarskapet" til Gange-Rolv. 2. Etablere eit historiske og kulturelt samarbeid med Normandie med utgangspunkt i det historiske felleskapet. 3. Styrke Emblas fredsarbeid 4. Profilere Reksnes gard og produkt, samt andre lokale produkt frå området. Eit av målsettingane er at tiltaket kan føre til ein Vikingfestival i Nordfjord 2012 med Normannisk deltaking og til eit samarbeid om kulturbasert næringsutvikling.				
Vurdering:	Fylkesdirektøren ser tiltaket som spennande, men meiner at det i så stor grad innehar eit næringsmessig perspektiv at det bør vurderast å søkje næringsretta tilskotsordningar. Det er ikkje lagt opp til kommunal medfinansiering i tiltaket. Fylkesdirektøren meiner at tiltaket innehar eit såpass stort lokalt perspektiv at det bør kunne forventast ei lokal medfinansiering av kommunane i Nordfjord og på Sunnmøre				
Budsjett:	Kr. 200 000,-	Søknadssum:	Kr 70 000,-	Tilråding:	Kr 0,-

Søkjær:	Førde Volleyballklubb	Tiltak:	Utviklingskonsulent for Volleyball i Sogn og Fjordane		
Innhald:	Klubben viser til at eit negativ utvikling for Volleyball i fylket og ynskjer å snu dette gjennom eit samarbeid med Norges Volleyballforbund om ei utviklingstilling. Volleyballforbundet har bidrege til fleire slike stillingar i andre deler av landet. Erfaringane er gode og det vil vist til at satsinga bidreg til å gje tilbud til barn og unge som elles ikkje er i aktivitet. Det er vidare tenkt at stillinga skal kunne vere ein ressurs for Hafstad vgs. Asylsøkjærar og innvandrarar vil også vere ei særskild målgruppe				
Vurdering:	Fylkesdirektøren meiner at satsinga på volleyball er viktig og peikar på at fylket vårt har markert seg sterkt i norsk volleyball. Satsinga på utvikling på idrettsfeltet er fanga opp gjennom fylkeskommunen sine løyvingar til Sogn og Fjordane Idrettskrins. Målet med desse løyvingane er at idretten sjølv skal koordinere midlane og prioritere satsingsområde. I 2011 vert det tilrådd ei løyving på kr. 1 250 000,- til dette føremålet				

Budsjett:	Kr 535 000,-	Søknadssum:	Kr 125 000,-	Tilråding:	Kr 0,-
Søkjær:	Anna Marie Faleide Malkenæs	Tiltak:	AnnaLåven, Senter for kunst og velvære.		
Innhald:	Annalåven står på eit gardstun på Sandane som tidlegare tilhørde Elias Faleide. Faleide var i si tid var ein profilert politiskar og ressursperson i fylket og dette er også ein av grunnane til ynskjet om å ta vare på tunet. Annalåven er eit prosjekt som har som mål å Setje i stand eldre bygningar på eit gardstun i Sandane, og bruke dei til å lage ein møtestad for kunstverksemd, arrangement og velvære. Formidling, galleri, kurs, og produksjon. Kostnadane som det vert søkt støtte til knyter seg i hovudsak til sjølve restaureringsprosessen.				
Vurdering:	Fylkesdirektøren meiner prosjektet er interessant, ambisiøst og vil kunne ha regional interesse om det blir gjennomført. Ein ser det likevel som vanskeleg å tilrå at det vert gjeve støtte til prosjektet på noverande tidspunkt. I høve til målsettingane med kulturutviklingsmidlane er det mest aktuelt å eventuelt støtte etablering av kulturaktivitetane som tunet skal fyllast med. I denne omgang vert det i hovudsak søkt om midlar til bedriftsutvikling og til sjølve restaureringa. Sidan ordninga for tilskot til kulturminnevern er avvikla, ligg søknaden ligg såleis på sidelinja i høve til målsettingane med tilskotsordningane. Vidare tyder dokumentasjonen i søknaden på at det er behov for å fullføre forprosjektfasen før det vert sett i gong med investeringar i hovudprosjektet.				
Budsjett:	Kr. 4 358 603,-	Søknadssum:	Kr. 472 148,-	Tilråding:	0,-

4. KONKLUSJON/TILRÅDING

Fylkesdirektøren viser til drøftingane over, og rår til slike løyvingar på rammenivå av kulturutviklingsmidlane 2011:

Sum søknader med føringar frå tidlegare vedtak	Kr. 1 820 000,-
Sum nye søknader, eittårige	Kr. 505 000,-
Fartøyvern	Kr. 100 000,-
Rest til seinare handsaming/evt klagesaker	Kr. 75 000,-

Sum økonomisk ramme til fordeling	Kr. 2 500 000,-
-----------------------------------	-----------------

Fylkesdirektøren rår vidare til at søknadsrunde nr 2 for 2011 ikkje vert gjennomført på grunn av at midlane er bundne opp